



Vårspretten – ei karrieremesse i Solund

Fredag 14. april ynskjer Solund kommune å invitere alle næringsaktørar til å fylle Grendahuset med engasjerte samtalar, nervøse smil og aha-opplevingar.

Velkomen til Vårspretten i Solund!

Formålet med Vårspretten er at elevane skal bli kjende med jobbmoglegheiter som finst i Solund. Dette er viktig for å skape tilknytning til kommunen.

Gjennom jobbskygging éin dag i 8. klasse, arbeidsveke i 9. klasse, samt sommarjobbar, får ungdommane i Solund kjennskap til arbeidsmarknaden her. Vi har god erfaring med at ungdommane vel lokalt i desse samanhengane. Det er likevel ikkje sjølvsgagt. Ungdommane treng meir kjennskap til kva arbeidsmarknaden her i Solund har å tilby.

No er det ei god stund sidan Solund har hatt noko i forbindelse med karrieremoglegheiter her i Solund. I år vil vi ta imot både elevar frå ungdomskulen, vidaregåande skule og vaksne.

Messe med stands for bedrifter kl. 12-17

Rigging av stand frå kl. 11:00

Det er gratis å stille med stand.

Vi ynskjer at bedrifter som deltar førebur ein kort appell på maks 3 min som ein slags introduksjon til bedrifta. Vi veit at konkurransar og praktiske oppgåver vil vere merksemd til dei unge.

På vårspretten får du som bedrift:

- Møte fleire besøkande med interesse for Solund
- Nettverke med andre bedrifter frå Solund
- Møte unge på jobb jakt
- Vere synlege og profilere Solund som ein attraktiv plass å bu og jobbe

For spørsmål og påmelding, ta kontakt med

Monica Thune, Ungdomskoordinator, tlf. 98444028, monica.thune@solund.kommune.no

Dersom nokon ønskjer kontakt med skulen ved førebuing til messa, ta kontakt med Nina Kvalheim Engevik, 907 34 338 nina.kvalheim.engevik@solund.kommune.no

SVARFRIST INNEN 01.04.2023